

# Årsmelding 2025

Valdres Natur- og Kulturpark

Vedtatt sak 03/26





# 1 INNLEIING

## Valdres Natur- og Kulturpark (VNK)

Årsmeldinga for 2025 syner eit Valdres i utvikling – ein region som tek ansvar for eiga framtid gjennom samarbeid, kunnskap og målretta innsats. Valdres Natur- og Kulturpark KO (VNK) har gjennom året arbeidd breitt og systematisk for å styrkje livskvalitet, verdiskaping og berekraft i heile regionen. Arbeidet er forankra i fem innsatsområde: Leve i Valdres, Næring i Valdres, Kultur i Valdres, Frisk i Valdres og Kompetanse i Valdres. Alt dette vert samla i ei styrka merkevare for Valdres, som er hovudmålet i gjeldande langtidsprogram. Desse områda heng tett saman og dannar eit heilskapleg rammeverk for regional utvikling. Eit sentralt mål har vore å bidra til ei positiv folketalsutvikling ved å gjere Valdres til ein attraktiv bu- og arbeidsregion for alle. Gjennom satsing på inkludering, bustadutvikling, digital infrastruktur og vertskapsrolle har VNK arbeidd for å senke tersklar for tilflytting og styrkje fellesskapen for dei som bur her. Prosjekt som Velg Valdres, Eit varmare Valdres og INKLU – Valdres tilgjengeleg for alle viser korleis sosial berekraft og samfunnsutvikling kan gå hand i hand.

Samtidig har næringsutvikling og verdiskaping stått sentralt. Valdres byggjer vidare på sterke lokale ressursar innan landbruk, reiseliv og matproduksjon, kombinert med innovasjon og kompetansebygging. Gjennom tett samarbeid med kommunar, næringsliv og regionale aktørar har VNK bidrege til nye møteplassar og auka kunnskap, og til å vidareutvikle merkevara Valdres. Kultur, kulturarv og frivillig engasjement er grunnpilarar i regionen sin identitet og livskvalitet. I 2025 har VNK hatt ei koordinerande rolle i nettverk for festivalar, kultur, ungdom og kulturarv, og lagt til rette for både nyskaping og vidareføring av tradisjonar. Arbeidet med stavkyrkjer, folkemusikk og Ung i Park syner korleis kultur kan vere både opplevingsprodukt, læringsarena og samfunnskraft.

Årsmeldinga gir eit samla bilete av innsatsen i 2025 – av framdrift, resultat og erfaringar. Ho viser ein region med store moglegheiter, utfordringar og vilje til samarbeid. Gjennom denne meldinga ønskjer VNK å synleggjere korleis målretta arbeid på tvers av sektorar legg grunnlaget for eit berekraftig og livskraftig Valdres.

Fagernes den 28. april 2026

Bente Lindahl  
Dagleg leiar



Foto: Yngve Ask

## 1.1 ORGANISERING

Valdres Natur- og Kulturpark KO er ei eiga juridisk eining. Årlege handlingsplanar, vedtekne i dei seks kommunestyra, legg føringer for arbeidet, i tillegg til oppfølging av vedtak som vert gjorde i Regionrådet i Valdres IPR, som er eit politisk råd for regionen i samarbeid med Innlandet fylkeskommune.

Bjarne Budal, leiar  
Knut Arne Fjelltun, nestleiar  
Marit Hougsrud  
Haldor Ødegård  
Linda Mæhlum Robøle  
Jørand Ødegård Lunde

### Valdresrådet

Valdresrådet er samansett av 12 kommunepolitikarar, to fylkespolitikarar og åtte eksterne medlemmar frå dei sju partnarane. Valdresrådet gjev råd til den regionale utviklinga i Valdres, og er eit samhandlingsorgan.

Nord Aurdal:	Knut Arne Fjelltun og Håvard Halvorsen
Sør Aurdal:	Marit Hougsrud og Ståle Borgersen
Etnedal:	Linda Mæhlum Robøle og Bjørn Nerموen
Øystre Slidre:	Bjarne Budal og Odd Erik Holden
Vestre Slidre:	Haldor Ødegård og Eivind Brenna
Vang:	Jørand Ødegård Lunde og Vidar Eltun
Innlandet fylkeskommune:	Tom Svullet og Tom Håvard Nordeng
Visit Valdres A/S:	Merete Hovi og Pernille Ødegård
Valdresmusea A/S:	Ole Aastad Bråten
Valdres Næringshage A/S:	Tone Ranheim
Festivalnettverket:	Ingebjørg Blomlie Müller
Landbruket:	Arnfinn Beito
Mat frå Valdres /gard og støl:	Margit Bratvold
Valdres hytteforum:	Geir Hansen

Bjarne Budal,	Ordførar i Øystre Slidre kommune, rådsleiar
Knut Arne Fjelltun,	Ordførar i Nord-Aurdal kommune, nestleiar



## Råd og utval:

Stamvegutvalet E16:

Knut Arne Fjelltun har vore Valdres sin representant i arbeidsutvalet. Han har vore utvalets leiar sidan 2024.

Flytrafikk:

Knut Arne Fjelltun er kontaktperson. Knut Arne Fjelltun er også medlem i flyplassalliansen, men då som representant for Nord-Aurdal kommune.

Kommunikasjonsgruppe (KG) for E16:

Kommunikasjonsgruppe (KG) for E16: Det var ingen aktivitet i 2025. Det er ikkje gjort nytt val av medlemmer. Tidlegare bestod gruppa av Vidar Eltun (leiar), Haldor Ødegård, Knut Arne Fjelltun Guttorm Tysnes (NLF), Eivind Brenna (Visit Valdres AS), Lene Hovi (kommunikasjonsansvarleg) og Jørand Ødegård Lunde/Bente Lindahl (medlem og sekretariat).

Eksterne oppdrag  
Norske parker:

Bjarne Budal, styremedlem

Fjellnettverket

- i styret:

Jørand Ødegård Lunde er varamedlem i styret

- i rådet:

Bjarne Budal og Marit Hougsrud

Haldor Ødegård og Linda Mæhlum Robøle (vara)

Styret for Valdresmusea:

Bente Lindahl

Karriere Oppland, Leira – kompetanseforum:

Bente Lindahl

Politisk referansegruppe, Sykehuset Innlandet HF:

Linda Mæhlum Robøle

Drifts- og utviklingsråd Valdres lokalmedisinske senter:

Linda Mæhlum Robøle

Stamvegutvalet har sekretariat i VNK.

Møteverksemd

Valdres Natur- og Kulturpark KO: 4 møte

Valdresrådet: 2 møte

Regionrådet i Valdres IPR: 6 møte

Alle saker og møtereferat ligg på: [www.valdres.no](http://www.valdres.no)

## 1.2 ARBEIDSRESSURS OG ARBEIDSMILJØ 2025

Dagleg leiar	Bente Lindahl 100%
Kommunikasjonssjef	Henning Wangsnes 100%
Nettredaktør/friluftsrådet	Lene Hovi 100%
Kulturarv og lokalsamfunnsutvikling rådgivar	Henriette M. Storbækken 100%
Kulturrådgivar	Marianne Straum 40%
Dagleg leiar friluftsrådet/folkehelse/administrasjon	Ina Syversen 100%
Prosjektmedarbeidar og breiband	Torkjell Haugen (40 % fast og 20 % i prosjekt til sommaren 2025, i tillegg timelønna arbeid)
Prosjektleiar Framtidstru i Valdres-landbruket og Valdresgeita	Gunhild Bergene (65 %)

Totalt sjukefråvær var 18 dagar. Arbeidsmiljøet kan karakteriserast som svært godt, med eit svært lågt sjukefråvær på 1,41 %. Miljøsertifisering: Miljøfyrtårn-verksemd, sjå kapittel 1.4.

Likestilling: Det er så nær lik kjønnsfordeling som mogleg. VNK ønskjer å vere likestilt og inkluderande.

Tillit og etiske standardar: VNK har som mål å halde høg etisk standard og openheit i arbeidet. Det vert praktisert opne møte, annonsering i pressa og offentlege saklistar og referat. Alle utbetalingar vert handsama av to ved attesting. Handlingsplanar og årsmeldingar vert handsama av representantskapet og dei seks kommunestyra. Ved større innkjøp nyttar VNK tenester frå innkjøpsansvarleg i Valdres.

Frå Garasjin i Aurdal. Foto: Yngve Ask



### 1.3 REKNESKAP- OG IKT-LØYSNING

Løn og rekneskap har i 2025 vore handterte av Nord-Aurdal kommune. VNK kjøper IKT-tenester frå IKT Valdres. Revisjon vert utført av Innlandet Revisjon IKS.

### 1.4 MILJØFYRTÅRN

Verksemda er resertifisert og godkjend som Miljøfyrtårn. Arbeidet bidreg til auka medvit om helse, miljø og tryggleik, og til sterkare integrering av miljøarbeid i verksemda. Det er utarbeidd ein handlingsplan med utgangspunkt i VNK sitt arbeidsgrunnlag for merkevara Valdres, der miljø er eitt av satsingsområda. Dette omfattar mellom anna innkjøp, energibruk, CO<sup>2</sup>-utslepp og avfallshandtering. Arbeidet er kontinuerleg og vert følgt opp med årlege møte med sertifisør. Les meir på [www.miljofyrtarn.no](http://www.miljofyrtarn.no)

### 1.5 VNK

VNK vert styrt av Langtidsprogrammet 2017–2027 og dei årlege handlingsprogramma, saman med samarbeidsavtale med kommunane.


Det overordna målet er å vere landets sterkaste regionale merkevare i 2027.

Årlege handlingsprogram er i tråd med langtidsprogrammet.

Ny samarbeidsavtale med Innlandet fylkeskommune gjeld frå 2024.

### 1.6 Rammevilkår

Frå 16. juni 2023 fekk VNK ny organisering i tråd med kommunelova, jf. kapittel 19. Samarbeidsavtala med kommunane ligg til grunn. VNK er no eit kommunalt oppgåvefelleskap og er skilt frå Regionrådet i Valdres IPR. Partnerskapsinstituttet med Innlandet fylkeskommune er regulert gjennom eigen avtale mellom kommunane og fylkeskommunen.



## 2 Rekneskap

Økonomisk oversikt	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Rekneskap 2025
<b>Sum driftsinntekter</b>	12 872 298	10 863 346	12 523 377
<b>Sum driftsutgifter</b>	13 832 332	13 752 049	13 525 840
<b>Brutto driftsresultat</b>	-960 034	-2 888 703	-1 002 463
<b>Anna finansinntekt</b>	358 920		369 483
<b>Anna finansutgift</b>	410 418		
<b>Netto driftsresultat</b>	- 549 616	-2 888 703	-632 980
<b>Sum avsetning/bruk (-) av fond</b>	- 549 616	-2 888 703	-632 980

Rekneskapsavslutninga er i tråd med regelverk og rekneskapen er gjort opp i kr 0. Samarbeidsavtala sitt pkt. 8 om disposisjonsfond (bufferkapitalen) som seier at fondet samla skal vera minst 10% av årleg omsetning, er oppfylt.

Avvik i omsetningstal skuldast i hovudsak kr. 1 773 000 til Visit Valdres AS. Prosjekt Smak Valdres har starta og skal avsluttast i 2026. I 2024 vart det satt av midlar til gjennomføring i fond, desse er nytta i 2025 og difor er det ikkje brukt disposisjonsfond. Framtidstru har hatt god framdrift i 2025, det er innhenta meir midlar til prosjektet og difor vart det brukt mindre av disposisjonsfondet. Masterplan for Kongevegen vart avslutta i 2024 og difor ikkje gjennomført i 2025. I prosjektet Inklusiv fekk VNK eit tilskott i 2024 i samarbeid med Øystre Slidre kommune, delar av desse er overført til Øystre Slidre kommune der arbeidet vart gjennomført. Prosjektet rundt Lomen stavkrike vart ikkje gjennomført av VNK slik som budsjettet, desse pengane fell bort.

Bundne midlar frå Innlandet fylkeskommune ved inngangen av 2025 var på kr. 1 390 000, noko som er ein reduksjon på kr. 190 000. Desse midlane må nyttast i tråd med partnerskapsavtala.



## 3 INNSATSOMRÅDA

### 3.1 Leve i Valdres

#### Hovudmål:

- Positiv utvikling i folketalet i Valdres

#### Delmål:

- Valdres er ein attraktiv bu- og arbeidsregion, som er til for alle.

Velg Valdres er ei nettside som samanfattar informasjon om det å bu, leve, arbeide og ha ei meningsfull fritid i Valdres. Nettsida vart lansert i april 2023 og har ein "nyhende-seksjon" som består av artiklar om blant anna ledige stillingar, nytilflytta folk og bustad-utvikling. I 2025 hadde nettsida ca 14.000 unike brukarar (10.000 i 2024) og ca 26.000 klikk (20.000 i 2024)

I 2025 mottok vi åtte henvendelsar via kontaktskjemaet på Velg Valdres.

#### Eit steg nærare eit varmere Valdres

Arbeidet med å kartlegge utanforskap og lage eit utfordringsbilete som me kan jobbe med, vart leia av Erlend Eggen i samarbeid med Heidi Bragerhaug. Arbeidet vart støtta av Omstillingsprogrammet i Nord-Aurdal. Målet er å nå 10 % likeverd, altså at ein av ti trur på at alle menneske er like mykje verdte.

Det er laga ei fysisk og ei digital verktøykasse til å gjennomføre inkluderingsverkstadar og det vart i 2025 gjennomført ein stort og fleire små slike inkluderingsverkstadar. Arbeidet vert vidareført i samarbeid med Frivilligsentralane.

I satsinga Eit varmare Valdres har vi etablert prosjektet INKLU, Valdres tilgjengeleg for alle. Prosjektet vert gjort i lag med Øystre Slidre kommune, Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling og Visit Valdres. To frå VNK har sete i styringsgruppa til INKLU-prosjektet som har eigen prosjektleiar. VNK har bidrege i arbeidet med få pilotbedrifter til å sjå nytta av å jobbe med inkludering og tilgjengelegheit i bedrifta si for å treffe nye marknader. Arbeidet har fått nasjonal merksemd, og Vestre Slidre kommune har for regionen vist interesse for oppstart av arbeid. Arbeidet er mellom anna finansiert av DOGA (leia av kommunal- og distriktsdepartementet) og Bufdir.

Gjennom 2025 har det vore arbeidd med å synleggjere høvet til å etablere eit bustadbyggjelag i Valdres. Mellom anna har Gjøvik og omegn bustadbyggjelag (GOBB) orientert Regionrådet om arbeidet sitt. Det er ikkje tilrådd å etablere eit eige bustadbyggjelag i regionen, men heller å gå i samarbeid med nærliggande lag, til dømes GOBB. Kommunane følgjer opp i samband med aktuelle byggjeprojekt.

#### Delmål:

- Alle husstandane har internett med ei hastigheit på minimum 100 mbps, 365 dagar i året.

#### Prosjekt 2

Prosjekt 2 var gjennomført i alle kommunane, og er formelt avslutta som prosjekt. Alle attverande krav om eigenandel er sende til namsmannen for innkrevjing.

#### Prosjekt 3

Prosjekt 3, som er eitt av dei største utbyggingsprosjekta Telenor har hatt med NKOM-midlar, vart avslutta i 2025. Prosjektet omfatta alle kommunane med unntak av Vang. Det er bygd fiber til 1 619 adresser i prosjektet, med ei oppslutning på om lag 65 %. For dei utlyste adressene er oppslutninga nærare 70 %. Dette gjev ein stor del av befolkninga i området høve til tilknytning til fiberbreiband.

Ved inngangen til 2025 stod det att tre område som vart ferdigstilt hausten 2025: Slidrefjorden nord, Slidrefjorden sør og Hedalen nord. Det har vore ein styrke for prosjektet at så mange kommunar gjekk saman og bidrog. Dette har gjeve prosjektet større fleksibilitet og betre prosjektstyring, samanlikna med om kvar kommune skulle hatt eigne prosjekt med mogleg fleire utbyggjarar.

### Prosjekt 3,5 – Vang

Vang trekte seg ut av prosjekt 3 og ønske eit eige prosjekt som eit kommunalt prosjekt. Prosjektet har hatt utfordringar med låg oppslutning i nokre område, men i 2025 vart det stilt garanti, og Eidsiva starta utbygging.

### Prosjekt 4

Prosjekt 4 omfattar Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal. Av ulike årsaker var det berre Nord-Aurdal som gjekk vidare med utbygging. Sal og utbygging i Nord-Aurdal mellom Leira og Aurdal starta våren 2025 og skal stå ferdig sommaren 2026.

### Prosjekt 5

Prosjekt 5 omfattar kommunane Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Etnedal. Her var det berre Vestre Slidre og Øystre Slidre som fekk tildelt støttemidlar frå Innlandet fylkeskommune (IFK). Sal og utbygging starta sommaren 2025.

Det står att om lag 1 200 bustader utan tilbod om fiber i Valdres. Fleire av desse er anten ubebudde eller ønskjer ikkje fiber.

Etter at det vart etablert fleire mindre prosjekt i enkeltkommunar, vart prosjektansvaret frå sommaren 2025 flytta frå VNK til kommunane sjølve.

### Delmål:

- Det skal vere eit berekraftig, effektivt og sikkert transporttilbod i Valdres, med stamvegstandard på E16 og god standard på dei viktigaste fylkesvegane. Det skal vere eit godt og framtidsretta busstilbod, både til og frå, og i Valdres.

VNK har sekretariatsfunksjon for Stamvegutvalet, på vegner av alle kommunane langs E16 mellom Bergen og Oslo, og driftar nettsida stamvegutvalet.no. I 2025 fasiliterte VNK årsmøte i samarbeid med Lærdal kommune, studietur med synfaring Sandvika–Stanghelle og tre møte i arbeidsutvalet. Gjennom samarbeid med fylkeskommunen er i politiske fora løfta fram krav om betre kollektivtilbod.



Frå Valdresdagen i Gullsmedvegen. Foto: Lene Hovi.

## 3.2 Næring i Valdres

### Hovudmål:

- Skape fleire arbeidsplassar

### Delmål:

- Valdres vert forbunde med soliditet, kvalitet og pålitelegheit, og næringslivet er med og utviklar merkevara Valdres.

Det er halde arrangement og utført arbeid i samarbeid med Visit Valdres, retta mot medlemsverksemdene deira, særleg knytt til sertifiseringa Berekraftig reisemål. VNK deltek i ulike nettverk knytt til næringslivet, og arrangerer tiltak i samarbeid med Valdres Næringshage, mellom anna Valdreskonferansen. Tilskot frå kommunane går via VNK til Valdres Næringshage og utgjer kr 500 000. VNK utarbeidde i 2025 ein grunnlagsrapport for regional strategisk næringsplan, som gav politisk nivå innsikt i det lokale næringslivet og utviklingstrekk.

### Delmål:

- Nye lønsame og berekraftige heilårlege arbeidsplassar er etablerte i Valdres.

VNK har støtta arbeidet i Valdres Næringshage med etablering av Valdres Trainee og mobiliseringstiltak for etablerarar. VNK deltek òg med mentor og dommarar i Ungt Entreprenørskap.

### Delmål:

- Råvarer og foredla produkt, reiseliv, opplevingar, kulturlandskap og kunnskap bidreg til å bygge merkevara Valdres.

Det er jobba med auka verdiskaping ut frå dei lokale ressursane. Gjennom arbeidet til Smak Valdres, tidligare Matrute Valdres, skal ein gjera lokalmatopplevingane og –produkta meir synelege og tilgjengelege for besøkande til Valdres; både digitalt og fysisk. Dette skal bidra til at Valdres framstår som eit endå meir autentisk og berekraftig reisemål og der samarbeid er den viktigste premisen for suksess.

Etter forstudie og forprosjekt ble hovedprosjekt startet våren 2024 og skal etter planen gå over tre år. Dette er finansiert av Innovasjon Norge, VNK, Statsforvaltaren i Innlandet og eigeninnsats frå deltakarane. Visit Valdres eig prosjektet og har prosjektleiinga. Statsforvaltaren i Innlandet bidreg med arbeidsinnsats. 18 bedrifter frå heile Valdres deltek. VNK har utvikla og forankra ein felles visuell profil som er ein del av Valdresregionen sin visuelle identitet, ei Smak Valdres brosjyre med oversiktskart over alle nettverksbedriftene samt praktisk informasjon. Det er arbeida med nettsideløysing på valdres.no.

### Delmål:

- Berekraft og verdiskaping er viktig i både tradisjonelle produksjonar og nye næringar innan jord- og skogbruket.

VNK og Statsforvaltaren er aktive samarbeidspartar for å løfte lokalmaten i Valdres som er viktig i merkevarebygginga av regionen gjennom Valdresdagen. Dagen er godt besøkt, og bidrar til å løfte lokalmaten i regionen. Kurv frå Valdres og Valdres Sommersymfoni er ansvarlege, medan næringslivet på Fagernes bidreg med arbeidsinnsats og finansiering. Valdres står meir og meir fram som ein viktig matregion med fire av 35 nasjonalt tildelte beskyttede betegnelser.

Under Norsk Rakfiskfestival har VNK ansvar for promotering av lokalmatrestauranten. Selve driften er overtatt i økt grad av lokalt næringsliv de siste årene, og VNK sin innsats her er derfor redusert.

Landbruksforum hadde i 2025 eit møte med informasjon om framtidens jordbruksteknikk og orienteringar om ulike satsingar, blant annet Unesco-status, hvitløkfestival og Innlandets matløfte. Det vart også drøftingar om landbruket i Valdres etter aktuelle innledningar. Landbruksforum er eit samarbeid mellom næringen, kommunene, VNK og Statsforvalteren.

Gards- og stølsnettverket, som består av produsentar i landbruket, har hatt fleire møte i 2025, særleg med fokus på mogleghetene som finst innan tilleggsnæringar. VNK deltek på møta.

Gjennom Innlandsporteføljen har VNK delteke i styringsgruppa for Begna Biohub. Her blir det arbeid med å vidareutvikle og skape grøn industri i Valdres. Fleire lokale verksemdar er med, i samarbeid med Valdres Næringshage og omstillingsprogrammet i Nord-Aurdal. I 2025 har arbeidet hovudsakleg vore retta mot utvikling av ein masterplan og studietur til samanliknbare område.



Smak Valdres. Foto:Cathrine Dokken

#### **Delmål:**

- Valdres satsar på det tradisjonelle landbruket, som er motoren i landbruket i regionen.

Framtidstru i Valdres-landbruket vart starta hausten 2022 med hovudprosjekt fase 1. Fase 2 byrja i mai 2024 og skal gå fram til mai 2026, og vert gjennomført av VNK. Det har vore mange aktivitetar for å skape utvikling, bygge møteplassar og gje positiv omtale av landbruket. Unge bønder har hatt særleg merksemd, med eigne aktivitetar retta mot denne gruppa.

Det er utarbeidd sju nyheitsbrev, gjennomført studietur i samarbeid med fylkeskommunen og Statsforvaltaren, halde bondeka-fear og -pubar for 240 gardbrukarar, arrangert samlingar for landbruksinteressert ungdom, fagseminar og traktortreff med 140 ungdommar. Det vart gjennomført eitt møte i styringsgruppa.

Prosjektleiari har delteke i to møte i faggruppe jordbruk saman med jordbrukssjefane i alle dei seks kommunane. Her vert felles problemstillingar drøfta og planar lagde for felles tiltak framover. Det har òg vore planleggingsmøte for gjennomføring av dei ulike arrangementa. Deltakarane på møta har variert mellom representantar frå kommunane, rådgjevingstenesta og fleire gardbrukarar. Prosjektleiari har informert alle dei seks kommunestyra om prosjektet og om kor viktig landbruket er for sysselsetjing og verdiskaping i kvar enkelt kommune.

Valdresgeita er eit forprosjekt som skal avklare korleis ein kan styrkje geitemiljøet i Valdres. Det er kartlagt og teke kontakt med lokale aktørar som er interesserte i å samhandle eller realisere idear som har kome fram. Det er 16 føretak i Valdres med ammegeit, fordelte på fem kommunar.

Viktige tema i forprosjektet har vore fagkunnskap, psykisk helse og kunnskapsutveksling. Det har vore godt oppmøte på aktivitetane, som markdag, stølsdag og inspirasjonsmøte om mellom anna foredling av kjejkjøt, avl, dyrehelse og dyrevelferd, godt grovfôr og utmarksbeite. Totalt har 110 geitebønder delteke på arrangementa.

VNK har laga fleire reportasjar, og det er informert både til landbruksforum og kommunestyra. Det er utarbeidd ein eigen logo, som kan nyttast fritt av produsentane i Valdres saman med Valdres-logoen. Norsk Landbruksrådgiving, Norsk Sau og Geit og TINE har bidrege med fagkunnskap på arrangementa, i tillegg til enkeltbønder, veterinærar og kommunal landbruksforvaltning. Arbeidet er finansiert av Innlandet fylkeskommune, VNK, eigeninnsats frå gardbrukarar, Norsk Landbruksrådgiving, Nortura og TINE. Statsforvaltaren har bidrege med arbeidsinnsats

**Delmål:**

- Valdres er eit attraktivt og berekraftig reisemål, sertifisert som Berekraftig Reisemål.

I 2025 er krava til sertifiseringa Berekraftig reisemål følgde opp gjennom mellom anna Aksjon Aqua, podkast og INKLU. VNK deltek i reisemålsleiinga og har tett samarbeid med Visit Valdres om digital kommunikasjon.

### 3.3 Kultur og kulturarv i Valdres

**Hovudmål:**

- Alle felt innan kulturarbeidet samhandlar.

**Delmål:**

- Kvardagskulturen er godt utvikla og gir god livskvalitet

I 2025 var det planlagt arbeid med kultur for å fremme helse, med Kultur på resept. Dette gjekk ut, sidan det ikkje vart gitt finansiering til dette prosjektet.

**Delmål:**

- Ungdom har handlingsrom til å vere med og utvikle framtidens Valdres.

VNK har vidareført samarbeidet med Ung i Valdres. Arbeidet med musikal og andre aktivitetar starta hausten 2024, og i 2025 var det framsyning av farsen "Elskovsdrikken". I tillegg til musikalen har Ung i Valdres hatt aktivitetar som fotokurs (i samarbeid med VNK), paintball, ulike friluftsansettiment, motorsagkurs, leirdueskyting og kantinekonsertar.

UKM (Ung Kultur Møtast) vart arrangert på Trykkeriet Kulturarena 29. mars 2025. Denne dagen hadde og ungdomsråda i Valdres felles samling på Briskeby Ungdomshus, der dei tok opp saker/utfordringar som er felles for Valdres-kommunane. VNK deltok på samlinga. Vi har også støtta arrangement ValdresLan, data- og speltreff i Ulnes. Dette har vorte ein inkluderande møteplass for alle unge i Valdres frå 1.-10 klasse, og det einaste i landet til denne aldersgruppa. Dette skjer i helga inn i vinter- og haustferie. VNK har bidrege med kreativ teiknekonkurranse og promoteringsvideo.

**Delmål:**

- Det er god rekruttering til folkemusikken i Valdres, med fleire produksjonar og god kvalitet som har gitt auka etterspørsel for folkemusikk. Ulike kulturuttrykk har ein viktig plass i Valdres.

VNK har og i 2025 administrert utlysning og oppfølging av ordninga Folkemusikk i notid og framtid. Sakshandsaminga vart gjort ved folkemusikkarkivet på Valdes folkemuseum. Ordninga er eit spleiselag mellom kulturkontora i Valdres fordelt på folketal. Tre prosjekt fekk tilskot i 2025, eit av desse vart ikkje gjennomført.

**Delmål:**

- Festivalane i Valdres er berekraftige, gir lokal verdiskaping, positive ringverknader og bidreg til merkevarebygginga av Valdres.

Kulturarbeidet i Valdres Natur- og Kulturpark fungerer for ein stor del gjennom nettverksarbeid. VNK administrerer Festivalnettverket (dei 10 største festivalane/arrangementa i Valdres, Visit Valdres og VNK), Valdres stavkyrkjeforum (kyrkjeverjer/driftsleiar, Valdresmusea, Visit Valdres og VNK) og Kulturnettverket i Valdres (kulturkontora, Valdresmusea og VNK).

Det har vore 4 møte i festivalnettverket i 2025. Føremålet med nettverket er å utveksle erfaringar og kompetanse, og arbeide for å bygge opp om Valdres som merkevare. Fleire festivalar har innleia ulike typar samarbeid. Festivalstrategien som skulle reviderast i 2025 vart forenkla og endra namn til "Retningslinjer for Valdres Festivalnettverk".

I Kulturnettverket koordinerer kulturkontora i kommunane, Valdresmusea og VNK kulturarbeidet i Valdres. Nettverket har eige mandat, og VNK fungerer som sekretær. Det er halde fem møter i 2025; Nettverket har samordna oppgåver som Folkemusikk i notid, DKS og UKM. Som felles innsatsområde ynskjer Kulturnettverket å fokusere på arbeid med stavkyrkjene, Kongevegen og folkemusikk. Det trengs spesielt eit løft på folkemusikk og dans.

**Delmål:**

- Det er god kunnskap om kulturarv i Valdres.

Gjennom Ung i Park har VNK halde stølskurs på Olestølen i Øystre Slidre for ungdom og unge vaksne. Studiespesialiserande elevgrupper frå Valdres vidaregåande skule har vore på ekskursjon til Olestølen for å lære om stølsdrift, stølsmat, kulturlandskapsøkologi, kulturlandskapsplanter og berekraftig tilrettelegging for vandreturisme.

**Aktivitetar som er arbeidde med i 2025, men som vert gjennomførte i 2026:**

Øvre Brekkebakkadn – eit Ung i Park-tilbod for 8. trinn, som eit praktisk og engasjerande læringsopphald der elevane lærer om natur, kultur, historie og berekraft gjennom aktivitetar som friluftsliv, handverk, matlaging og lokalhistorie på Øvre Brekkebakkadn. Elevane får lære med kroppen, ute i naturen, i tråd med kompetansemåla i læreplanen.

Arkeologisk utgraving på husmannsplass – eit Ung i Park-tilbod under utvikling, som skal gje elevane forståing for korleis ein kjem i kontakt med materiell kultur og prosessane rundt ei arkeologisk utgraving.

VNK har òg samarbeidd med Kodeklubben i Valdres for å hjelpe unge, nysgjerrige barn med å forstå gjenstandar og kontekst på arkeologisk vis. Denne kunnskapen skulle deltakarane nytte i ein konkurranse der dei skulle «løyse eit problem» knytt til korleis tolking av materiell kultur kan gjerast enklare.

**Delmål:**

- Det er god kunnskap om kulturarv i Valdres.

VNK har vore involvert i oppfølginga av enkelte kulturminne i kulturminneplanane i samarbeid med kommunar og fylkeskommune. I 2025 mottok VNK rapporten Kartlegging av Saltvegen av Ragnar Eltun.

Gjennom eit samarbeid mellom Vestre Slidre kommune og VNK har det vore arbeidd med tilrettelegging av bygdeborga Hamrissløtet i Vestre Slidre. Oppdraget baud på utfordringar knytte til naturreservatstatus, der reservatsone overlappar fredingsone for delar av borga. Det vart invitert til eit arbeidsverkstadmøte i regi av Norske Parker, der Valdresmusea, Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren (ikkje til stades), Vestre Slidre kommune, Valdres Natur- og Kulturpark og grunneigarar var inviterte for å drøfte mogleg tilrettelegging. Møtet resulterte i ei endring av retning – frå fysisk tilrettelegging til å undersøkje moglegheitsrommet for digital formidling.

VNK har befart Faslefoss og varsla fylkeskommunen om at skiltinga bør oppdaterast grunna skadar og mangelfull universell utforming.

Det er utarbeidd illustrasjonar og tekst til skilting for steinalderlokaliteten på Leirasanden.

Sommaren 2025 vart det produsert og publisert ein pilot på Kulturminnesnuttar frå Valdres, som tok for seg bronsealderrøysene ved Faslefoss på Leira i Nord-Aurdal. Snutten på om lag tre minutt gjev sjåaren lettfatteleg informasjon om bronsealderen som kulturminne, lova om automatisk freding, andre former for kulturminne i same område og ei oppmoding om å vitje kulturminnet. Val av kulturminne var grunna god tilgjengelegheit og høg grad av tilrettelegging, med nærleik til område der det ferdast store folkemengder dagleg, og at området er ein kultursti med informasjonstavler.

VNK har starta planlegginga av formidling av Kongevegen i Etnedal som eit Ung i Park-opplegg for Etnedal skule, i samarbeid med Besøksenter for rovdyr i Flå og Østerdalen.

#### **Delmål:**

- Mellomalderkyrkjene og kyrkjehistoria i Valdres er eit viktig opplevingsprodukt, med lokalt, regionalt og nasjonalt samarbeid, kompetansebygging og marknadsføring.

Valdres stavkyrkjeforum har hatt to møte og halde fram arbeidet med å koordinere opningstider og billettprisar. Alle stavkyrkjene var opne i 2025. Dei siste åra har det ikkje vorte gjennomført eigne kurs for stavkyrkjeguidane. Hausten 2025 sende Valdresmusea søknad til Kyrkjebevaringsfondet innan innsatsområda Oppleving og formidling og Engasjement og deltaking. Museet ønskjer å samordne innsatsen og kartleggje behov innan formidling og marknadsføring, med mål om å skape større aktivitet i kyrkjene.

VNK starta i 2024 eit prosjekt med formidling utetter om Valdres sine stavkyrkjer i video- og kortformat. Ved utgangen av 2025 var fem av seks filmar klare og ferdigstilte. Film nummer seks er planlagt ferdigstilt våren 2026.

Alle stavkyrkjene og dei fleste Olavsminna er òg lagde ut på kulturminnesok.no.

#### **Besøktala i mellomalderkyrkjene dei siste åra:**

<b>Betalande besøk</b>	<b>Høre</b>	<b>Øye</b>	<b>Lomen</b>	<b>Slidredomen</b>	<b>Reinli</b>	<b>Hedalen</b>	<b>Hegge</b>	<b>Totalt</b>
2013	300	430	537		841	1058		3166
2014	279	383			420	525		
2015	255	435	338	64	469	449		2010
2016	337	574	441	96	585	711	602	3346
2017	232	383	438		760	707		2520
2018	144	476	295	210	851	636	1984	4596
2019	409	520	520	210	1237	890	1925	5711
2020	671		300	250	777	1008	361	3367
2021	367	382	340	150	630	834	322	3025
2022	412	489	557	200	713	695	317	3383
2023	631	833	525	219	448	479	578	3713
2024	825	657	518	200	517	617		3334
2025	871	630	520	150		1170	800	4141



Frå Aksjon Aqua. Foto: Torkjell Haugen

### 3.4 Frisk i Valdres

#### Hovudmål:

- Valdres skal vera ein leiande region på førebyggjande helsearbeid

#### Delmål:

- Kommunane og VNK har eit godt og koordinert samarbeid.

Det er halde møter med folkehelsekoordinatorar og frisklivsrettleiar i kommunane.

#### Delmål:

- Det er høg aktivitet innan friluftsliv.

Tiltaka er gjennomført av Valdres friluftsråd i samarbeid med VNK, for detaljar sjå årsmelding for Valdres friluftsråd.

Gjennom friluftsskulane er det 72 barn og unge som fekk ei aktiv ferieveke. Friluftsglede gjennomførte aktivitetar med 84 deltakarar.

#### Delmål:

- Valdres er ein ryddig og lite forureina region.

Saman med Valdres Kommunale Renovasjon (VKR), Naturvernforbundet i Valdres og DNT Valdres fekk vi støtte frå Senter mot Marin Forsøpling (MARFO) for oppryddingstiltak i og rundt vassdraga i Valdres, Aksjon AQUA – Reine Vatn i Valdres 2025. Samtlege skuler og totalt 500 elevar og lærarar i Valdres var med å rydda under skuleaksjonane i mai. Vi fekk også ekstra midlar frå Sparebankstiftelsen Hallingdal/Valdres der vi under ein felles paraply sette ekstra fokus inn på å rydde opp etter "Hans". 88 personar frå lag og foreiningar bidrog i desse aksjonane. Vi rydda totalt 7,2 tonn søppel dette ryddeåret. Det var ryddetiltak i alle dei seks valdreskommunane. Totalt er det rydda rett over 60 tonn søppel i Valdres i Aksjon AQUA sin regi sidan oppstarten i 2019.

### 3.5 Kompetanse i Valdres

#### Hovudmål:

- Det er god kompetanse i befolkninga.

#### Delmål:

- Utviklinga i Valdres er kunnskapsbasert, og det er tilbod om fem desentraliserte studiar. Det er god kompetanse i befolkninga og hos aktørane.



Frå Aksjon Aqua. Foto: Lene Hovi.

Kompetanseforum Valdres vert leia av VNK. Her er sentrale aktørar innan kompetanse i regionen samla for å ta opp utvikling framover. Dette er del av Innlandet fylkeskommune sitt arbeid med kompetanse.

I løpet av 2025 bidrag VNK i NIBIO sitt forskningsprosjekt Fjellbeite. Vi deltok i NMBU sitt forskningsarbeid SECPLAN innen fritidsboliger.

Det er kontinuerlig hjelp til søknadar, kurs og annonser for partnerar og aktivitetar som byggjer opp under merkevara Valdres.

Av ansatte i VNK er det gjennomført dybdekurs i Designdrevet innovasjon med sertifisering.

#### Delmål:

- Det er god kunnskap om og oppfølging av sertifiseringsordningar. Regionen er Berekraftig Reisemål. Alle kommunane er miljøfyrtårnsertifisert.


VNK vart i 2025 resertifisert som Miljøfyrtårn, denne varar i 3 år. Gjennom Berekraftig Reisemål deltek også VNK i denne sertifiseringen. Ei av kommunane valde å gå ut av ordningen Miljøfyrtårn i 2025.

#### Delmål:

- Innbyggerane har god kunnskap om Valdres og i rolla som vertskap og er imøtekommande både overfor besøkande og innbyggjarar.

I samarbeid med det etablerte podkastmiljøet i Øystre Slidre og "Mellepodden" har vi, saman med Marit Warbeg Vestheim, starta opp ein serie med podkastepisodar der vi pratar om det å vekse opp, jobbe og leva i Valdres, med namnet "Mellopodden Attåt". Det vart spelt inn tre ordinære episodar i studio og fem korte episodar under Rakfiskfestivalen.

Det er starta utvikling av ambassadør-programmet ValdresVert ved hjelp av det digitale læringsverktøyet "Motimate" i samarbeid med Visit Valdres.



## BÆREKRAFTIG REISEMÅL

LOKALT ENGASJEMENT I ET LANGT PERSPEKTIV



Frå dybdekurs i Designdrevet



Frå prosjektet INKLU. Foto:Henning Wangsnes

## 4 Merkevara Valdres

Merkevararbeidet er integrert i alt arbeidet

### Hovudmål:

- Det er auka verdiskaping i Valdres.

### Delmål:

- Merkevara Valdres har eit godt omdøme som ein god region å leve og bu i.

Det er gjennomført ei kartlegging av tilflyttarreisa, som har avdekt både utfordringar og manglar knytte til å gje eit godt tilbod til dei som ønskjer å flytte til, bu og arbeide i Valdres.

### Nettside:

Nettsidene til VNK er vidareutvikla i samarbeid med Visit Valdres, i tråd med inngått avtale. I 2025 hadde nettsidene:

- 1 038 548 sidevisingar
- 407 221 brukarar

Landingssida til Valdres Natur- og Kulturpark hadde 7 271 sidevisingar.

Nettsida «Velg Valdres» er òg vidareutvikla. Dette er eit digitalt prosjekt for å fremje Valdres som ein felles bu- og arbeidsregion. Det er kommunisert via Facebook og Instagram med artiklar, videoar og bilete. I 2025 hadde sida:

- 26 070 sidevisingar
- 14 161 brukarar

### Sosiale medium:

- Facebook: 7,3 000 følgjarar
- Instagram:
  - o VNK: 1,9 000 følgjarar, med over 1 000 innlegg tagga med valdresnaturogkulturpark
  - o Velg Valdres: 670 følgjarar

Boka RISS vert hovudsakleg seld hos Norli Fagernes, men det kjem òg bestillingar frå bokhandlar utanfor regionen. Det har vore marknadsføringskampanjar, og i periodar har salet auka, særleg i samband med jul og andre høgtider.



Frå Rakfiskfestivalen. Mellepodden Uncut. Foto: Henning Wangnes

I samarbeid med skribentar og innhaldsleverandørar i dei seks kommunane har VNK henta inn og utforma innhald til kommunesidene i Valdresmagasinet, med fire årlege utgåver. 2025 var siste året med denne ordninga.

VNK sender ut nyheitsbrev til representantskapet og partnerar for å informere tettare om arbeidsoppgåver og måloppnåing. Dette, saman med nyheitsbrev for prosjektet Framtidstru i Valdres, har fått gode tilbakemeldingar.

I arbeidet med merkevarebygging har VNK hatt godt samarbeid med fleire aktørar som skapar godt innhald i Valdres. VNK har mellom anna bistått Ung i Valdres, Norsk Rakfiskfestival, Valdresjoggen – Det Norske Fjellmaraton (logo), utforming av logo til skulesenter ved Valdres vidaregåande skule, Valdresdagen, Bakeriet i Valdres, ungdomsbedrifter ved NAUS og Valdres vidaregåande skule, bedriftsnettverket Smak Valdres, samt IKT-Valdres i samband med kommunikasjon ved utlysing av ny IKT-sjef.

Saman med Valdres Næringshage, Visit Valdres og Valdres Sparebank arrangerte VNK Valdreskonferansen på Scandic Valdres på Fagernes. I arbeidet med regional organisering samla VNK lokalt næringsliv for å få innspel til løysingar og tiltak som kan styrkje utviklingskrafta i Valdres. Design-driven innovasjon vart nytta som metodikk.

#### **Delmål:**

- Det er kontroll på bruken av merkevara Valdres, både for tenester og produkt, noko som forpliktar brukarane.

I 2025 vart det signert varemerkeavtalar med sju nye verksemdar i Valdres. Desse nyttar no varemerket Valdreslogoen i si profilering.

ValdresVert-modulane er tekne i bruk i kommunikasjon via Motimate for å styrkje kunnskapen om regionen og vertskapsrolla. Profileringsartiklar som T-skjorter, caps og koppar vart selde for kr 12.614 i 2025.

#### **Delmål:**

- Kommunikasjonen er tydeleg og basert på verdigrunnet vårt.

Det er gjennomført ei grafisk opprydding av alle dei seks kommunevåpena i Valdres, slik at dei no har likt oppsett og felles fargeprofil. Arbeidet med utvikling av malverk for kommunane er starta og vert vidareført i 2026. Det er ikkje starta arbeid med regional kanal på Valdresportalen/Teams.


Gjennom året er det teke både bilete og filmar som vert nytta vidare i kommunikasjonen til VNK.



Madonnaen frå Hedalen stavkyrke. Foto Ole Jørgen Lødøen



VALDRES NATUR- OG KULTURPARK VIL FÅ TAKKE  
SAMARBEIDSPARTAR  
OG BIDRAGSYTARAR FOR EIT GODT ÅR.



-----  
Bjarne Budal  
Representantskapsleiar



-----  
Bente Lindahl  
Dagleg leiar

Fagernes 11. mai 2026

«Naturen er et stort urverk som går og går.  
La oss ikke pirke for mye med maskineriet»

Mikkjel Fønhus



**VALDRES**  
Natur- og Kulturpark



Etnedal  
kommune



Nord-Aurdal  
kommune




Sør-Aurdal  
kommune



Vang  
kommune



Vestre Slidre  
kommune



Øystre Slidre  
kommune